



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Ekstrautgåve for hytteeigarar

April 2006 Årg. 13



Rett frå dunken

Nye prisar på miljø-sentralane frå 1. mai

1. mai vert det nye prisar for innlevering av avfall på miljøsentralane. For mengder opptil 500 liter (om lag det du får oppi fem bossekker) vil prisen vera 100 kroner. For større mengder kostar det 200 kroner.

Dersom du ynskjer det, kan du også betala etter vekta på avfallet. Då reknar me ein kilopris.

Kompost og plenblanding til sals

Framifrå kompost og plenblanding til hagen får du kjøpt på miljøstasjonane til SIM. Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder tek me kr. 300 per tonn.

Plenblandinga er halvt om halvt med kompost og sand. Frøa kan såast direkte i blandinga.



Jan Helge Paulsen er fast brukar av miljøstasjonen i Svartasmoget. – Ei god og nyttig teneste, meiner han.

Velkommen som brukar av miljøsentralane

Alle hytteeigarar er velkomne som brukarar av SIM sine miljøsentralar.

Nytt i år er at sentralane vil vera opne annankvar laurdag i perioden frå april til september. I tillegg er det kome fleire langdagar. Alt for å gje fastbuande og hytteeigarar eit betre tilbod.

Nøyaktige opningstider for dei seks miljøsentralane

finn du på baksida av dette bladet. Ta difor vare på det.

Dei endra opningstidene er resultat av ei spørjeundersøking som SIM føretok mellom kundane sine i 2005.

- Der kom det fram at mange kunne tenkja seg meir tilpassa opningstider på miljøsentralane. Det har me no teke konsekvensen av, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund.



Ryddeaksjonar våren 2006

Hushaldnings- og hyttekondar som bur på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral, vert også i år inviterte til ryddeugnad.

SIM stiller menneskap og utstyr, og det er gratis å levera avfall.

Årets ryddeaksjonar finn stad til følgjande tider:

Fjelberg/Borgundøy:

Fredag 21. april kl. 10.00-14.30.

Halsnøy:

Laurdag 22. april kl. 09.30-13.00.

Varaldsøy:

Laurdag 6. mai kl. 10.00-13.00.

Huglo:

Laurdag 29. april kl. 09.30-12.00.

Espevær:

Laurdag 13. mai kl. 11.00-14.00.

Hundvåko/Stora Kalsøy:

Fredag 19. mai kl. 12.30-19.00.

Møkster, Litla Kalsøy og Lunnøy:

Fredag 19. mai kl. 14.00-17.00.

Fastbuande i dei aktuelle områda får nærare informasjon tilsendt i Posten.

Sikra avfallet forsvarleg ved transport

Det skulle vera unødvendig å minna om det, men likevel: Sjøføren har ansvar for at avfallet som skal til miljøsentralen er forsvarleg sikra på tilhengjaren. Alt for ofte vert bos liggjande langs vegen som følgje av dårleg sikra last. Trafikkfarleg er det, òg.



– Ver miljøbevisste og lever det farlege avfallet til godkjent mottak, oppmodar kunderettleiar Olaf Skram.

Farleg avfall skal leverast inn

- Lysrøyr er farleg avfall. Ikkje kast det i naturen eller i restavfallet, men lever det til miljøsentralen.

Kunderettleiar Olaf Skram instruerer skuleelevane som vitjar miljøsentralen i Svartasmoget. Mange nikkar samtykkande. Dette kan dei. Ungdommane veit at farleg avfall som kjem på avveggar kan vera til skade for menneske, dyr og miljø.

Likevel hamnar nær 10% av alt farleg avfall som vert produsert her i landet, i naturen. Å få redusert denne mengda, er satsingsområde for miljøstyresmaktene.

SIM fokuserer også på farleg avfall og ber hyttefolket hjelpe til.

- Det er ikkje fritt for at det vert produsert ein del farleg avfall sommarsdagen. Målingrestar, reingjeringsmiddel o.a. skal ikkje i hyttekonteineren, men leverast til miljøsentralen, der det vert teke hand

om på forsvarleg vis, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.

Privatpersonar kan levera det farlege avfallet gratis, men må betala gebyr for PCB-haldige vindauge og store mengder trykkimpregnert materiale.

- Det viktigaste kvar og ein av oss kan gjera for å redusera mengda av farleg avfall, er å kjøpa mindre mengder slikt stoff. Av og til er det likevel naudsynt å bruka gift. Då er det viktig å lesa brukarretteleinga godt og å levera restane til lovleg mottak, seier Hollund.

Opningstidene på miljøsentralane står å lesa på siste sida i dette bladet. Merk at sentralane er opne annankvar laurdag i perioden frå april til september.

Døme på farleg avfall


- Spillolje
- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrøyr, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellbatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggjesko

Ulikt renovasjonsgebyr for hyttekunder

Renovasjonsgebyr for fritidsbustader i 2006
(i kr, inkl. mva):




Som det går fram av den grafiske framstillinga, varierer gebyret som hytteeigarar betalar for renovasjonsordninga frå kommune til kommune.

Årsaka til dette er at kommunane har ulike utgifter med renovasjonsordninga.

Renovasjonsgebyret består av to faktorar; ein del som som går til SIM, og ein del som går til å dekkja kommunen sine eigenkostnader. SIM-gebyret er likt for alle, medan den kommunale eigendelen altså varierer.

Totalgebyret skal uansett ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga.

Dei som har eigen slamtank på hytta betalar i 2006 (i kr, inkl. mva):



Gebyret skal dekkja

- Innsamling og slutthandtering av restavfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinrar
- Returpunkt for glas og hermetikkboksar
- Miljøsentral for grovavfall (ein del av kostnadene vert betalt ved levering)
- Avgifter til staten
- Administrasjon og informasjon

Her finn du hyttekonteinrarane:

OBS! Hyttetun kjem i tillegg.

Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Nordrevågen
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

Bømlo

- Langevåg Kåso
- Espevær
- Lykling
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/posten
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsdalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg
- Bjødledalen v/busstogg
- Aga – kryss v/Rolfnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

Fitjar

- Dáfjorden – Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn Koløy
- Helland
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide – over riksveg v/verkstad

Kvinnherad

- Vestervik – v/tunnel
- Stussvik – v/vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve – v/kryss til Skarvatun
- Gjermundshamn v/venterom
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes
- Løfallstrand ferjekai
- Seimsfoss
- Rosendal v/bru
- Uskedalen v/Sandakaien
- Herøysund v/butikk
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Husnes v/RIMI
- Sunde ferjekai
- Holmedal/Utåker v/kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen
- Eidsvik v/gamleskolen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn

Kvinnherad

- Vestervik – v/tunnel
- Stussvik – v/vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve – v/kryss til Skarvatun
- Gjermundshamn v/venterom
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes
- Løfallstrand ferjekai
- Seimsfoss
- Rosendal v/bru
- Uskedalen v/Sandakaien
- Herøysund v/butikk
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Husnes v/RIMI
- Sunde ferjekai
- Holmedal/Utåker v/kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen
- Eidsvik v/gamleskolen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn

- Ranavik ferjekai
- Larstø v/kai
- Arnavik
- Borgundøy

Stord

- Studalen - v/Drageset Spar
- Fjellgardane
- Felles Fitjar v/Eide
- Vikanes
- Dáfjorden v/hyttfelt
- Meatjøndno
- Føyno
- Huglo kai

Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde kai
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnes v/kryss
- Steinbrot nord for Eilerås
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkcenter
- Sveio v/gravplass
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse
- Ekrene
- Ekrene v/busstopp riksveg

Tysnes

- Kryss Skorpo
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss
- Godøysund
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss
- Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai

Meld frå om "overfylte" hyttekonteinrar

Er konteinaren full, eller boset flyt på utsida, ber me deg melda frå om dette til SIM på tlf. 53 45 78 50. Me vil prøva å ordna opp så snart som råd er.

Meld også frå dersom du ser at uvedkomande nyttar konteinaren. Det er kun dei som har fritidsbustad som har lov til å bruka konteinrarane, all den tid det er dei som betalar for tenesta.



Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Opningstider Miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker: 1,3,5...) kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdaalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker: 1,3,5...) kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag kl. 09.00 – 14.00 (partalsveker: 2,4,6...)
I perioden april til september torsdag kl. 08.00–18.00.
Pinseaftan stengt.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker: 2,4,6...) kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (oddetalsveker: 1,3,5,...) kl. 09.00–14.00. Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag i perioden april til september (partalsveker: 2,4,6,...) kl. 09.00–14.00. Pinseaftan stengt.

Det er ikkje problem å få vanlege plastikkposar gjennom luka.

SIM
nytt

Boset skal inni konteinaren

Syt for at du plasserer boset inni hyttekonteinaren og ikkje på utsida.

At det ligg bos på utsida av konteinaren, treng ikkje bety at den er full. Ofte skuldast det at folk ikkje tek seg bryet med å kasta avfallet gjennom innkastluka. Og er det først kome bos på utsida, kjem det gjerne meir.

- Det er SIM sitt ansvar at konteinarane har nok kapasitet, og at dei tek seg bra ut. Men det hjelper lite dersom folk set frå seg avfallet på utsida, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund og ber folk hjelpa til med å halda det ryddig rundt konteinarane.

Det er kun dei som har abonnement for fritidsbustad som har lov til å bruka hyttekonteinarane.

Konteinarane er dimensjonerte slik at det skal vera rikeleg volum til kvar hyttekunde.

Grunnen til at innkastlukene er så små, er at det ikkje skal vera råd å kasta større gjenstandar i konteinarane.

- Men det er ikkje problem å få vanlege plastikkposar gjennom luka, og heller ikkje ein halvfull bossekk, seier Kjell Egil Hollund.

Hugs tøming av hyttedunken

Alle som har eigen hyttedunk med grønt lok må syta for at denne vert tømt i lag med restavfallsdunkane til hushaldningane. Kva tid det er

tøming i ditt område, går fram av SIM sin tømekalender for 2006. Tømekalenderen kan lastast ned frå SIM sin nettstad, www.sim.as.

Du kan også få den tilsendt ved å kontakta oss på tlf. 53 45 78 50.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget,
N-5419 Fitjar
telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as